



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8004 Dep  
0030 OSLO

## Kommunereforma i Møre og Romsdal - tillegg til tilråding om ny kommunestruktur

Vi viser til fylkesmannen si tilråding om ny kommunestruktur i Møre og Romsdal datert 1.10. 2016.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal legg til grunn utgreiingane og konklusjonane i tilrådinga. I det følgande vil vi gjere greie for endringar av vedtak og prosessar i kommunane sidan 1.10. 2016.

### Endringar frå 1.07.2016 etter vedtak i kommunane om kommunestruktur

#### Ørskog kommune:

Ørskog kommunestyre har fatta vedtak i møte 24.11.2016 om å slutte seg til Skodje, Sandøy og Ålesund, og bygge ein ny kommune – **ÅLESUND kommune**. Den nye kommunen får tett på **55 000 innbyggjarar**.

#### *FS-108/16 Vedtak:*

*Ørskog kommune skal verte ein del av ein ny kommune saman med Skodje, Sandøy og Ålesund frå 01.01.20, jfr. KS-vedtak 72/16 og FS-vedtak 104/16.*

#### Herøy og Sande kommune:

Intensjonsavtale signert 8.12.2016 mellom Sande og Herøy kommune. Arbeidstittel på den nye kommunen er **HAVØY kommune**. Den nye kommunen får om lag **11 500 innbyggjarar**.

*Herøy kommune:* Kommunestyret har vedteke å legge intensjonsavtalen fram for rådgjevande folkerøysting 27. 02.2017. Endeleg handsaming i saka vert etter planen i kommunestyret 09.03. 2017.

*Sande kommune:* Kommunestyret har vedteke å legge intensjonsavtalen fram for rådgjevande folkerøysting 27. 02.2017. Endeleg handsaming i saka vert etter planen i kommunestyret 07.03.2017.

Norrdal og Stordal kommune:

Intensjonsavtale signert 13.12. 2016 mellom Norrdal og Stordal kommune. Arbeidstittel på den nye kommunen er **STORFJORD kommune**. Den nye kommunen får tett på **2700 innbyggjarar**.

*Norrdal kommune:* Intensjonsavtalen ligg ute på høyring ute i ulike stadar frå 22.12.2016 til 18.01. 2017. Saka blir behandla i kommunestyret 26.01. 2017.

*Stordal kommune:* Stordal kommunestyre tek saka opp til behandling 25.01. 2017.

**Fylkesmannen sin kommentar til vedtekne endringar**

- ✓ Ørskog kommune har fatta vedtak i tråd med tilrådinga til Fylkesmannen. *Fylkesmannen støttar vedtaket.*
- ✓ Herøy og Sande har blitt samde om ein intensjonsavtale, der begge kommunane skal behandle avtalen først i mars. I tilrådingsdokumentet rår Fylkesmannen til ei samanslåing av desse to kommunane på kort sikt, dersom det ikkje blir semje om ei samanslåing av alle fem kommunane på Søre Sunnmøre no. *Fylkesmannen støttar difor ein slik intensjonsavtale.*
- ✓ Kommunane Norrdal og Stordal arbeide ein periode med å få med seg Ørskog på ein endeleg intensjonsavtale. Når denne løysinga vart forkasta av Ørskog - har no Norrdal og Stordal inngått semje om ein intensjonsavtale som skal behandlast i kommunestyra i løpet av januar. Ei samanslåing av desse to kommunane støttar nok ikkje hovudmåla i kommunereforma, men ei slik samanslåing vil likevel vere eit godt alternativ til fortsette som eigne kommunar. *Fylkesmannen støttar difor ein slik intensjonsavtale.*  
Fylkesmannen viser elles til utgreiingar og vurderingar i tilrådinga.

Med helsing

Rigmor Brøste  
ass. fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg:

- 1 Ørskog kommune - endeleg vedtak
- 2 Kommunane Norrdal og Stordal - intensjonsavtale
- 3 Kommunane Herøy og Sande - intensjonsavtale